



Kviteseid kommune

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Kviteseid kommune

Vedtatt i Klima, miljø og oppvekstutvalet (KMO) 23.03.21

1. Føremål

Etter opplæringslov § 13-7 skal kvar kommune ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid. SFO skal vere eit friviljig omsorgs- og fritidstilbod til barn på 1.- 4. trinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. trinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal ha gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Alle barn på SFO har rett til eit trygt og godt miljø jf. opplæringslova kapittel 9A. Alle tilsette på SFO har plikt til å følgje med, gripe inn og varsle ved kunnskap eller mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt jf. opplæringslova § 9A-4.

Nynorsk er målforma i SFO i Kviteseid kommune.

2. Eigartilhøve

Kviteseid kommune er eigar og drivar av SFO.

Rektor for skulen er øvste leiar og har ansvar for at SFO blir drifta i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar. Rektor er opptaksmyndigheit for SFO.

Ved Kviteseid skule har SFO-leiar ansvaret for den daglege drifta av SFO.

Ved Brunkeberg oppvekstsenter har avdelingsleiar ansvar for den daglege drifta av SFO.

Samarbeidsutvalet ved Kviteseid skule og Brunkeberg oppvekstsenter handsamar saker som gjeld SFO. Ein representant for foreldra i SFO kan møte i Samarbeidsutvalet med talerett, men ikkje røysterett når utvalet handsamar saker som gjeld SFO.

3. Opningstider

SFO er stengt i skulen sin jole- og påskeferien, samt heile juli månad og på fire av skulen sine planleggingsdagar i året.

Ved Kviteseid skule er opningstidene slik:

Måndag, tysdag torsdag og fredag: kl. 07:30 - 08:00 og 13:50 - 16:45

Onsdag: kl. 07:30 - 16:45

Ved Brunkeberg oppvekstsenter er opningstidene slik:

Måndag, tysdag, torsdag og fredag: kl. 14:00 – 16:30

Onsdag: kl. 07:30 - 16:45. Tilbodet blir gjeve på Kviteseid skule.

Det er eigen påmelding og betaling til haust- og vinterferien, samt sommarferien (juni og august). Minstetalet for å halde SFO ope desse vekene er fem påmeldte barn. SFO-tilbodet blir gjeve på Kviteseid skule for alle påmeldte barn.

4. Søknad om oppnak, endring og oppseiing av plass

Det kan søkjast om plass for alle barn i målgruppa som bur i kommunen. Ein søker på nytt om plass for kvart skuleår.

Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. april kvart år. Elektronisk søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside: www.kviteseid.kommune.no. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen vert

handsama fortløpande. Plass på SFO er likevel ikkje ein rett, og for søknadar som kjem inn etter hovudopptaket, er tilbod om plass avhengig av kapasitet.

Det må søkjast elektronisk om ev. endringar i løpet av skuleåret.

SFO-plassen må seiast opp elektronisk før den 1. i kvar månad, og oppseiingsfristen er ein månad. Heimen betalar for barnet til oppseiingstida er gått ut. Om brukarar seier opp plassen etter 1. april, må dei betale fullt ut for resten av skuleåret. Dette gjeld ikkje ved flytting frå kommunen.

5. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Foreldra betaler ein månadspris over 10 månader for opphaldet i SFO. Det er ein minimumssats og ein maksimumssats for tilbodet, og mellom minimum og maksimum er det timepris. For barn som alt er i SFO, er det høve til å kjøpe einskildagar/-timar i tillegg, dersom det er plass.

Det blir gjeve 35 % syskenmoderasjon.

Utgifter til mat er etter sjølvkostprinsippet, og kjem i tillegg til foreldrebetalinga.

For SFO-opphald i haust- og vinterferien, samt i sommarferien (juni og august) er det eiga tilleggsbetaling for dei som er påmeldt.

Ved låg inntekt er det to nasjonale moderasjonsordningar:

1) Redusert foreldrebetaling.

For barn på 1. og 2. trinn skal ein ikkje betale meir enn 6% av husstanden si bruttoinntekt.

2) Gratis SFO for barn på 5.-7. trinn med særskilte behov.

Begge ordningane fylgjer til ei kvar tid gjeldande nasjonale satsar og nasjonale ordningar.

Moderasjonsordninga må søkjast for kvart år, og med søknaden skal kopi av siste tilgjengelege sjølvmelding og/eller anna dokumentasjon på inntekt ligge ved.

6. Mat i SFO

Barna får mat på SFO. Måltida er tråd med Helsedirektoratet sine retningslinjer.

Mat er til sjølvkost, og blir fakturert saman med opphaltsbetalinga. Kommunestyret fastset prisen for mat.

7. Skyss til og frå SFO

Barn som har plass i SFO og som på grunn av funksjonshemmning eller midlertidig skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå SFO. Retten gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO. Retten gjeld ikkje i skuleferiane.

Funksjonsfriske barn har ikkje rett til skyss til og frå SFO. Dette gjeld sjølv om barnet har rett til skyss til og frå skulen.

Føresette som hentar barna for seint kan bli fakturert for dette.

8. Planleggingsdagar

SFO har fire planleggingsdagar i året. Dagane kjem fram av og fylgjer skulen sine planleggingsdagar i skuleruta.

9. Leike- og oppholdsareal

Ved Kviteseid skule nyttar SFO eige rom i same bygg som 1.- 4. trinn held til. Det er også høve til å nytte klasserom/andre rom i same bygg. SFO nyttar same uteområde som 1.- 4. trinn.

Ved Brunkeberg oppvekstsenter nyttar SFO klasserom i skulebygget. Dei nyttar same uteområde som 1.- 4. trinn.

10. Erstatning

Kviteseid kommune har ulykkesforsikring for barn.

Kommunen er ikkje erstatningspliktig for eigendelane til barn på SFO

11. Bemannning

SFO skal ha ei forsvarleg bemanning, utifrå talet på barn og alder og behov hos barna. Kva som er forsvarleg, vil derfor variere med barnegruppa. Det er rektor som har ansvar for å vurdere kva som til ei kvar tid er forsvarleg bemanning.

Etter Opplæringslova § 10-9 skal alle som jobbar på SFO ved tilsetting legge fram politiattest.

12. Teieplikt

Alle tilsette ved SFO har teieplikt, jf. opplæringslova § 15-1 og forvaltningslova §§ 13 -13e.

13. Opplysningsplikt til barnevernet

Alle tilsette ved SFO har opplysningsplikt til barnevernet utan hinder av teieplikta jf. opplæringslova § 15-3.

14. Delegering

Rådmannen kan gjere endringar i vedtektenes som er av administrativ karakter.